



Møteprotokoll

Utvalg:

Verneområdestyret for SVR

Møtested:

Sirdal Høyfjellshotell/Teams

Dato:

08.02.2022

Tidspunkt:

09:00- 13:30

Timer for

6 timer

møtegodtgjørelse

Følgende faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon
Jonny Liland	Leder
Inger Lise Lund Stulien	Medlem
Margrethe Handeland	Medlem
Stanley Wirak	Medlem
Sigbjørn Åge Fossdal	Medlem
Steinar Kyrvestad	Medlem (teams)
Gerd Helen Bø	Medlem (teams)
Jan D Dalen	Medlem (teams)
Henry Tendens	Medlem (teams)
Janne Nystøl	Medlem (teams)
Margrete Dysjaland	Medlem (teams)

Følgende medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon
Per Sverre Kvinlaug	Medlem
Bjørn Laugaland	Nestleder

Følgende varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for
Malin Stokkeland	Per Sverre Kvinlaug
Ingen	Bjørn Laugaland

Fra administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Jørn Haug	Verneområdeforvalter
Alf Odden	Verneområdeforvalter
Guro Sødergren	Verneområdeforvalter

Underskrift:

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

Jonny Liland

Malin Stokkeland

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold
ST 1/22	Godkjenning av innkalling og saksliste
ST 2/22	Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar
ST 3/22	Orienteringer
RS 1/22	Referatsaker
RS 2/22	Innvilga søknad om mindre endring av byggetiltak. Bossbustøylene 47/3 Olav Nomeland. Valle kommune
RS 3/22	Tillatelse til motorisert ferdsel for nødvendig drift og vedlikehold av transmisjonsnettet i Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane landskapsvernområde.
RS 4/22	Innvilga dispensasjon til å benytte snøskuter til hytter innenfor Setesdal -Vesthei, Ryfylkeheiane landskapsvernområde i Åseral kommune (gnr/bnr 7/4)
RS 5/22	Tillatelse til å bruke helikopter i forbindelse med ettersanking av beitedyr i Suleskardheia, SVR
RS 6/22	Tillatelse til transport med snøskuter til hytte ved gnr/bnr 9/11 innenfor Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane landskapsvernområder.
RS 7/22	Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport i samband med leiting etter sau i Frafjordheiane landskapsvernområde, Gjesdal kommune - Inge Marton Østebø
RS 8/22	Innvilga løyve til transport med snøskuter til hytte i Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane landskapsvernområde, gnr/bnr 9/5 nord for Valevatn i Sirdal kommune
RS 9/22	Innvilga søknad om snøskuter- og helikoptertransport for tilsyn med kraftlinjer i Steinbuskardet-Hisdal biotopvernområde og tilgrensande verneområde i Bykle og Hjelmeland kommunar -Statnett SF
RS 10/22	Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport i samband med leiting etter sau i Lusaheia landskapsvernområde - Tårn Sigve Schmidt
RS 11/22	Innvilga søknad om bruk av snøscooter i Hisdal naturreservat 20/3 Trygve Birkeland. Bykle kommune

- RS 12/22 Innvilga søknad om bruk av snøscooter.
Uhomstøylen , 3/17 . Malene Risdal Wehus.
Bygland kommune
- RS 13/22 Regional blågrønn struktur i regionalplan for
Jæren og Søre Ryfylke - til uttalelse - SVR -
Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane
- ST 4/22 Søknad om dispensasjon fra verneforskriften i
Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane om å erstatte eksistrende
"forpakterbolig" med nytt bygg ved Lordehytta
gnr/bnr 2/16 i Åseral kommune
- ST 5/22 [REDACTED]
- ST 6/22 Framføring av fiberbreiband langs veg Brokke -
Suleskard. Ny søknad. Lyse Fiber AS. Valle og
Sirdal kommune.
- ST 7/22 Søknad om dispensasjon til utviding og
fasadeendring på hytte ved Grjotdalsneset i
Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 187/1,
Suldal kommune - Suldal fjellstyre
- ST 8/22 Søknad om dispensasjon til gjenoppbygging av
jordhytte i Leirdalen i Dyraheio
landskapsvernområde, gnr/bnr, 187/1, Suldal
kommune - Suldal fjellstyre
- ST 9/22 Søknad om godkjenning av byggetiltak 6/14
Vatnedalsvatnet. Jo Breivegen. Bykle kommune.
- ST 10/22 Søknad om legging av rør i skiløype. Vurdering
av krav om retting. Hovden Løypekjøring AS.
Bykle kommune.
- ST 11/22 Søknad om godkjenning av byggetiltak 50/68
Bossbustøylene.
- ST 12/22 Pålegg om retting og tvangsmulkt angående
ulovlig byggetiltak ved hytte i Grytdalen (gnr/bnr
2/38) , Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane
landskapsvernområde
- ST 13/22 Eventuelt

ST 1/22 Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 08.02.2022

Ok, ingen merknad

ST 2/22 Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 08.02.2022

Vedtak

Marlin Stokkeland valgt til representant til å skrive under møteboka sammen med leder.

ST 3/22 Orienteringer

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 08.02.2022

To saker til orientering:

- Forvalningssekretariatet gikk igjennom foreløpige oversikt over samla belastning i verneområda med fokus på ferdsel. Ønske fra verneområdestyret at forvalningssekretariatet dykker dypere i temaet og legger det fram for verneområdestyret ved en senere anledning. Stikkord; få inn mene data og kvalitetssikre de en har, detaljanalyse på problemområde, relatere tall til andre sammenlignbare områder, vurdering av tålegrense og forslag til endring av forvalningspraksis der det kan ha noe for seg.
- Forvalningssekretariatet viste smakebiter fra filmene som er laget fra verneområdene. Blir tilgjengelig på ny brukerorientert nettside når denne er klar. Etter planen skal denne lanseres i løpet av våren 2022.

RS 1/22 Referatsaker

**RS 2/22 Innvilga søknad om mindre endring av byggetiltak.
Bossbustøylene 47/3 Olav Nomeland. Valle kommune**

**RS 3/22 Tillatelse til motorisert fersel for nødvendig drift og
vedlikehold av transmisjonsnettet i Setesdal Vesthei og
Ryfylkeheiane landskapsvernområde.**

**RS 4/22 Innvilga dispensasjon til å benytte snøskuter til hytter
innenfor Setesdal -Vesthei, Ryfylkeheiane landskapsvernområde i
Åseral kommune (gnr/bnr 7/4)**

**RS 5/22 Tillatelse til å bruke helikopter i forbindelse med ettersanking
av beitedyr i Suleskardheia, SVR**

**RS 6/22 Tillatelse til transport med snøskuter til hytte ved gnr/bnr
9/11 innenfor Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane
landskapsvernområder.**

**RS 7/22 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport i
samband med leiting etter sau i Frafjordheiane
landskapsvernområde, Gjesdal kommune - Inge Marton Østebø**

**RS 8/22 Innvilga løyve til transport med snøskuter til hytte i Setesdal
Vesthei og Ryfylkeheiane landskapsvernområde, gnr/bnr 9/5 nord for
Valevatn i Sirdal kommune**

**RS 9/22 Innvilga søknad om snøskuter- og helikoptertransport for
tilsyn med kraftlinjer i Steinbuskardet-Hisdal biotopvernområde og
tilgrensande verneområde i Bykle og Hjelmeland kommunar -Statnett
SF**

**RS 10/22 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport i
samband med leiting etter sau i Lusaheia landskapsvernområde -
Tårn Sigve Schmidt**

**RS 11/22 Innvilga søknad om bruk av snøscooter i Hisdal
naturreservat 20/3 Trygve Birkeland. Bykle kommune**

**RS 12/22 Innvilga søknad om bruk av snøscooter. Uhomsstøylen ,
3/17 . Malene Risdal Wehus. Bygland kommune**

**RS 13/22 Regional blågrønn struktur i regionalplan for Jæren og Søre
Ryfylke - til uttalelse - SVR - Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane**

ST 4/22 Søknad om dispensasjon fra verneforskriften i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane om å erstatte eksistrende "forpakterbolig" med nytt bygg ved Lordehytta gnr/bnr 2/16 i Åseral kommune

Forvalters innstilling

I medhold av naturmangfoldloven § 48 får Kai Melvin Thorsland og Anne Lise Flottorp tillatelse til å rive den gamle forpakterboligen og bygge opp nytt bygg i området ved Lordehytta i Åseral kommune (gnr/bnr 2/16). Det gis avslag på utforming og størrelse slik det er søkt om.

Dispensasjonen gis med følgende vilkår:

- Bygningen skal ha samme utforming som bygningen på side 2 i saken. Øvre arealgrense er satt til 36 m². BYA er inkludert tilbygg mot øst. Det må sendes inn reviderte tegninger som skal godkjennes av forvaltingssekretariatet og fylkeskonservator før bygging kan starte.
- I tillegg til løyve etter verneforskriften må tiltakshaver gjøre nødvendige avklaringer i forhold til Åseral kommune sine bestemmelser for bevaring av Lordehytta og det som plan- og bygningsloven krever.
- Arbeidet med rivning og byggearbeidet skal foregå på en så skånsom måte som mulig for naturmangfoldet, planering av byggetomta er ikke tillatt.
- Alt avfall fra rivning og byggearbeidet skal fjernes og leveres på godkjent mottak.
- Det må søkes om eget løyve til motorisert ferdsel i forbindelse med transport av byggemateriale, utstyr og avfall.
- Byggetiltaket skal være ferdig innen 01.03.2024

Verneområdestyret legger vekt på at bygningen erstatter eksisterende bygning med tilsvarende størrelse. Tidligere tilbygg mot øst er dokumentert med foto. Bygningen har en særskilt bevaringsstatus i kommuneplan og dette må det tas hensyn til ved utforming. Tiltaket strider ikke mot verneverdier og verneformål og det kan derfor gis dispensasjon etter § 48 i naturmangfoldloven.

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 08.02.2022

Nytt framlegg til vedtak fra Stanley Wirak:

Som framlegg til vedtak men der det ikke gis avslag på utforming av bygningen. Maks størrelse som i innstillingen, dvs. 36 m² BYA inkludert tilbygg.

Avstemming:

Innstillingen fra forvaltingssekretariatet fikk en stemme (Janne Nystøl). Nytt framlegg fra Stanley Wirak fikk 11 stemmer.


Vedtak

I medhold av naturmangfoldloven § 48 får Kai Melvin Thorsland og Anne Lise Flottorp tillatelse til å rive den gamle forpakterboligen og bygge opp nytt bygg i området ved Lordehytta i Åseral kommune (gnr/bnr 2/16). Det gis avslag på størrelse av ny bygningsmasse slik det er søkt om.

Dispensasjonen gis med følgende vilkår:

- Maksimal tillatt størrelse er 36 m². BYA inkludert tilbygg mot øst. Det må sendes inn reviderte tegninger som skal godkjennes av forvaltingssekretariatet og fylkeskonservator før bygging kan starte.
- I tillegg til løyve etter verneforskriften må tiltakshaver gjøre nødvendige avklaringer i forhold til Åseral kommune sine bestemmelser for bevaring av Lordehytta og det som plan- og bygningsloven krever.
- Arbeidet med rivning og bygging skal foregå på en så skånsom måte som mulig for naturmangfoldet, planering av byggetomta er ikke tillatt.
- Alt avfall fra rivning og byggearbeidet skal fjernes og leveres på godkjent mottak.
- Det må søkes om eget løyve til motorisert ferdsel i forbindelse med transport av byggemateriale, utstyr og avfall.
- Byggetiltaket skal være ferdig innen 01.03.2024

Verneområdestyret legger vekt på at bygningen erstatter eksisterende bygning med tilsvarende størrelse. Tidligere tilbygg mot øst er dokumentert med foto. Bygningen har en særskilt bevaringsstatus i kommuneplan og dette må det tas hensyn til ved utforming. Tiltaket strider ikke mot verneverdier og verneformål og det kan derfor gis dispensasjon etter § 48 i naturmangfoldloven.



Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 08.02.2022

Forvalters innstilling enstemmig vedtatt.

ST 6/22 Framføring av fiberbreiband langs veg Brokke - Suleskard. Ny søknad. Lyse Fiber AS. Valle og Sirdal kommune.

Forvalters innstilling

Med heimel i naturmangfoldlova § 48 får Lyse Fiber AS løyve til å legge fiberbreiband langs veg Brokke – Suleskard innafor *Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernombåde*.

Arbeidet skal gjerast i tråd med søknad dagsett 17.12.2021, plankart 1 – 7 dagsett 21.1.2022, supplerande opplysningar gjeven i e-post dagsett 21.1.2022 og 24.1.2022. Tiltaka er som følgjer:

- Fresing av 3 cm. breitt spor i inntil 30 cm. djupne for nedlegging av trekkerøyr og fiberkabel i bankett (trenching). Attfylling med masse og forsegling med asfalt.
- Graving av fibergrøft i vegskulder med inntil 40 cm. breidde og djupne på enkelte korte strekninger der det ikkje egner seg for fiberkabel i bankett ref. første prikkpunkt.
- Plassering av naudsynte trekkekummar på møtestader eller i vegskulder

På eksisterande vegkonstruksjon der det ikkje er tilstrekkeleg breidde eller kvalitet på bankett, kan det førast på knust asfalt masse med inntil 25 cm breidde i tråd med skisse s. 3 i søknad dagsett 17.12.2021. Påfyll på bankett skal avgrensast til strekning der det tidlegare har vore bankett som har rast ut og skal ikkje innebere utfylling i terrenget utanfor eksisterande vegkonstruksjon. Strekningane dette gjeld er av søkar anslått til å vera inntil 200 meter. Etter verneområdestyret si vurdering er denne delen av tiltaket vurdert å vera innafor vedlikehald av vegen i tråd med verneforskrifta kap. 4 pkt. 1.2 bokstav b.

For gjennomføring av tiltaka sett verneområdestyret følgjande vilkår:

- Alle tiltak skal gjennomførast utan køyring i terrenget
- Av omsyn til villrein i nærområda til vegtraseen skal arbeidet i vernesona avgrensast til perioden f.o.m 1. juni t.o.m. 15. oktober. I område med hekkelokalitet for rovfugl ref. kart nedanfor, skal arbeidet ikkje ta til før etter 1. juli.
- Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for å hente inn naudsynt tillating frå andre offentlege myndigheter og råka grunneigarar.

Lyse Fiber AS er ansvarleg for at aktuelle entreprenør vert gjort kjend med løyvet etter verneforskrifta med vilkår. Løyvet gjeld arbeid for 2022 og 2023.

Strekning der arbeidet skal gjerast etter 1. juli grunna hekkelokalitet:



Som grunngjeving for vedtaket legg verneområdestyret vekt på at tiltaket skjer innafor eksisterande vegkonstruksjon og vil vera lite synleg etterpå. Av omsyn til villrein og hekkelokalitet for raudlista rovfugl er det naudsynt å avgrense tida for gjennomføring. Med

desse vilkåra er vurderinga at tiltaket ikkje vil stri mot verneføremålet og ikkje vil påverke verneverdiane nemneverdig. I høve til nærleik til rovfugllokalitet er det lagt vekt på føre-var prinsippet i naturmangfoldloven § 9.

Løyvet til tiltaket inneber at tidlegare løyve gjeven av verneområdestyret i møte 6.9.2021, sak 24/2, vert gjort om og erstatta med vedtaket ovanfor. Dette med heimel i forvaltningslova § 35 bokstav a.

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 08.02.2022

Forvalters innstilling enstemmig vedtatt.

ST 7/22 Søknad om dispensasjon til utviding og fasadeendring på hytte ved Grjotdalsneset i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 187/1, Suldal kommune - Suldal fjellstyre

Forvalters innstilling

I medhald av kapittel III, kapittel IV, punkt 1, og kapittel IV, punkt 1.3, bokstav a i Forskrift om vern av Dyraheio landskapsvernområde, får Suldal fjellstyre dispensasjon til å utvide og endre fasade på hytta på Grjotdalsneset. Dispensasjonen omfattar ei utviding på inntil 12m² (BYA) til eit samla areal på inntil 70m² (BYA). Dispensasjonen omfattar og riving av eksisterande inngangsparti, samt skifte av vindauge og ytterkledning.

Dispensasjonen blir grunngjeve med at det er dokumentert konkret for større oppholdsareal, og at ombygginga medfører noko mindre overnattingskapasitet. Dispensasjonen er og grunngjeve med at utvidinga av hytta ikkje medfører større negativ innverknad på verneverdiane knytt til landskapet, og at tiltaket ikkje vil medføre auka bruk og forstyrring utover byggeperioden.

Dispensasjonen blir gjeve med desse vilkåra:

- Det må innhentast nødvendige løyver frå Suldal kommune
- Hytta må skilja seg minst mogleg frå naturomgjevnadane omsyn til utforming og overflatebehandling
- Byggjearbeida må skje så skånsamt som råd i høve til naturomgjevnadane
- Alt avfall frå riving og bygging må fjernast og handterast etter gjeldande reglar og standardar
- Det må søkast om eigen dispensasjon til motorferdsel i samband med tiltaket. Av omsyn til villreinstamma i område kan ein slik dispensasjon bli avgrensa til å gjelde helikopter
- Dispensasjonen gjeld fram til 08.02.2025

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 08.02.2022

Forvalters innstilling enstemmig vedtatt.

ST 8/22 Søknad om dispensasjon til gjenoppbygging av jordhytte i Leirdalen i Dyraheio landskapsvernombord, gnr/bnr, 187/1, Suldal kommune - Suldal fjellstyre

Forvalters innstilling

I medhald av kapittel IV, punkt 1.3, bokstav a i føreskrift for Dyraheio landskapsvernombord, får Suldal fjellstyre dispensasjon til å bygge opp att jordhytta Leirdalshytta. Ettersom det søkast om gjenoppbygging av ein bygning av kulturhistorisk verdi, er det etter verneføreskrifta nødvendig at ein eventuell dispensasjon blir gitt i samråd med fylkeskonservatoren. Eit slik samtykke til at det blir gitt dispensasjon ligg føre i brev frå Rogaland fylkeskommune, dagsett 30.06.2021. Dispensasjonen blir grunngjeve med at gjenoppbygging av Leirdalshytta har kulturhistorisk verdi, og at ei slik gjenoppbygging ikkje vil ha ein nemneverdig negativ innverknad på verneverdiane i Dyraheio landskapsvernombord.

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 08.02.2022

Forvalters innstilling enstemmig vedtatt.

ST 9/22 Søknad om godkjenning av byggetiltak 6/14 Vatnedalsvatnet. Jo Breivegen. Bykle kommune.

Forvalters innstilling

Verneområdestyret godkjenner plassering av hytta ved Vatnedalsvatnet gnr. bnr. 6/14 Jo Breivegen, slik det er beskrive i saka. Verneområdestyret legg vekt på at hytta ligg i eit område som alt er mykje påverka av store fysiske inngrep og at bjørkeskogen kring hytta minskar eksponeringa i landskapet.

Med heimel i naturmangfoldlova § 69 gir verneområdestyret tiltakshavar pålegg om å nytte naturstein eller støypte pålar til fundament på hytta slik det går fram av vedtaket i verneområdestyret 16.9.2020. Verneområdestyret godkjenner at dette kan løysast ved å støype inne eksisterande fundament i leca slik tiltakshavar beskriv. Frist for gjennomføring vert sett til 16.9.2023, dvs tilsvarande som for sjølve byggeløyvet.

Verneområdestyret melder tiltakshavar til politiet for brot på bestemminga i verneforskrifta for *Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernombord* kap. 4 pkt. 5.1.a der det går fram at motorisert ferdsel på land er forbode. Det vert lagt vekt på at verneområdestyret i sitt vedtak av 16.9.2020 føresette at bruk av motorkøyretøy eller helikopter kravde særskilt søknad. Jamfør Miljødirektoratet sin rettleiar M – 617 er ulovleg motorisert ferdsel av dei tilhøva som normalt skal meldast.

I samband med transport av hytta frå veg til tomt er det flytta på ein del større stein for å kome fram med maskin. Etter verneområdestyret si vurdering er arbeidet av eit slikt omfang at det krev særskild søknad og løyve. Tiltakshavar vert oppmoda om å sende inn ein særskild søknad om dette. Saka kan handsamast som delegert sak av forvaltningssekretariatet.

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 08.02.2022

Forvalters innstilling enstemmig vedtatt.

ST 10/22 Søknad om legging av røyr i skiløype. Vurdering av krav om retting. Hovden Løypekjøring AS. Bykle kommune.

Forvalters innstilling

Med heimel i naturmangfoldlova § 48 får Hovden Løypekjøring AS løyve til å legge ned røyr i bekk i skiløypa sør for Fjellbø hyttegrend i *Hovden landskapsvernområde*. Plassering går fram av kartet i saka. Diameter på røyret er 80 cm, og med lengde 6 m.

Verneområdestyret legg vekt på at det gjeld eit mindre fysisk tiltak i ei løype som har vore preparert i mange år. Traseen har ein viktig funksjon i høve til kanalisering av ferdsel. Fleire midle vintrar i tida framover vil auke problemet med å krysse bekken og eit røyr her vil bøte på dette. Etter verneområdestyret si vurdering vil tiltaket ikkje stri mot verneføremålet og påverke verneverdiane nemneverdig.

Verneområdestyret vil for seinare saker presisere at saker som gjeld legging av røyr i bekk krev særskilt søknad og løyve. Å legge om løypa kan vera eit alternativ i slike saker. Skal det først leggast røyr må det sør gjast for tilstrekkeleg dimensjonering slik at ein unngår oppstuing og erosjon. For å dekke til røyret må det hentast massar utanfor verneområdet. For å unngå skade på vegetasjon bør bruken av større maskinar avgrensast.

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 08.02.2022

Forvalters innstilling enstemmig vedtatt.

ST 11/22 Søknad om godkjenning av byggetiltak 50/68 Bossbustøylane.

Forvalters innstilling

Med heimel i verneforskrifta for *Setesdal Vesthei Ryfylkeheian landskapsvernområde* kap. 4 pkt. 1.3 bokstav c, gir verneområdestyret Inga Beth Bø Uppstad løyve til å auke total storleik på støylsbua ved Bossbulegå gnr./bnr. 50/68 frå 49,6 m² BYA til 55,95 m² BYA. Dette inneber ei auke på 6,35 m² BYA frå byggeløyvet som vart gjeven 15.11.2017.

Det er særslig uheldig at tiltakshavar har gått utover dei rammene som vart gjeven for byggeløyvet attende i 2017. Slik vedtaket vart utforma skulle det ikkje vera grunn til å misoppfatte kva storleik som vart tillate. Verneområdestyret kan likevel godkjenne auka storleik slik det er søkt om i søknad dagsett 26.10.2021. Det vert lagt vekt på at det ikkje utvidar overnattingskapasitet og standard utover det som låg til grunn for det opphavelege byggeløyvet frå 2017. Auka storleik på støylsbua ved utviding mot vest vil gjere bygningen meir eksponert i landskapet. Den landskapsmessige verknaden vurderast likevel som liten då bygningane ligg med det høge Bossfjellet i bakkant og med materialbruk og farge som glir godt inn i omgjevnaden

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 08.02.2022

Forvalters innstilling enstemmig vedtatt.

ST 12/22 Pålegg om retting og tvangsmulkt angående ulovlig byggetiltak ved hytte i Grytdalen (gnr/bnr 2/38) , Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane landskapsvernområde

Vedlegg

Svar på varsel om retting, Knut Roar Wiig 21.12.21

Forvalters innstilling

Med hjemmel i naturmangfoldloven (nml) § 69 pålegger verneområdestyre for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane landskapsvernområde tiltakshaver Knut Roar Wiig retting av tiltak som er gjennomført uten tillatelse og som er i strid med verneforskriften. Pålegg om retting omfatter fjerning av badestamp ved hytte gnr/bnr 2/38 i Grytdalen i Sirdal kommune.

Badestampen skal rives og transporteres ut av verneområdet. Bygningsavfall skal leveres på godkjent mottak. Ved bruk av motorisert transport for fjerning må det søkes spesielt om dette.

Verneområdestyret ønsker ikke å åpne opp for badestamper eller andre mindre byggetiltak enn det som allerede er fastsatt i retningslinjene for Grytdalen hytteområde. Jf. retningslinjene er det allerede et stort handlingsrom for byggetiltak sammenlignet med andre private hytter i verneområdet. Mange små tiltak i hyttefeltet vil utgjøre en trussel for landskapets art og karakter.

Det blir også lagt vekt på at en aksept av denne type tiltak vil kunne medføre uheldig presedens for lignende saker.

Det er viktig for vernemyndighetene å skape respekt for regelverket i verneområder og synliggjøre at man ikke skal ha fordeler av å ta seg ulovlig til rette.

Frist for gjennomføring settes til 30 juni.2022. Forvaltningsmyndigheten skal varsles når badestampen er fjernet. Når det ved etterkontroll konkluderes med at pålegget er fulgt opp anses saken som avsluttet.

Varsel om bruk av tvangsmulkt og mulig tvangsgjennomføring

Forvaltningen har anledning til å benytte tvangsmulkt for å sikre etterlevelse av pålegg om retting, jfr. naturmangfoldloven § 73. Det gjøres også oppmerksom på at dersom vedtak om retting som ikke etterkommes av den ansvarlige, så kan fjerning gjennomføres fysisk av forvaltningen, jfr. naturmangfoldloven § 71. Utgifter til slik retting kan kreves dekket av den ansvarlige.

Verneområdestyre varsler herved om at det vil bli vurdert å bruke tvangsmulkt etter

naturmangfoldloven § 73 dersom badestampen ikke blir fjernet innen den fristen som er fastsatt ovenfor. Størrelsen på tvangsmulkten blir satt til 1000,- pr dag fra og med 1. juli 2022.

Samtidig varsles det også om at det kan bli aktuelt med tvangsgjennomføring dersom pålegg ikke følges.

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 08.02.2022

Forvalters innstilling enstemmig vedtatt.

ST 13/22 Eventuelt

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 08.02.2022

Verneområdestyre ba sekretariatet om å lage en oversikt over tidligere anmeldelser i SVR.